# Årsrapport 2021









JÆRMUSEET

Innhald:

Styret si årsmelding for 2020 [side 3]
Avdelingar og anlegg [side 4–6]
Hovudresultat i 2021 [side 7–9]
Forsking [side 10–11]
Forvaltning [side 12–13]
Økonomi, gåver og sponsorinntekter [side 14–16]
Organisasjon [side 17]
Økonomi og administrasjon [side 18–21]
Opne publikumsarrangement [side 22–23]
Besøkstabell [side 24–25]
Rekneskap [side 27–34]

Jærmuseet
– møteplassen mellom natur, kultur og teknologi som forvaltar fortida – fangar samtida – formar framtida

# STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2021

## OMTALE AV VERKSEMDA

Stiftinga Jærmuseet blei skipa i 1985 og er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå, samt regionalt vitensenter for Sørvestlandet. Det er eit konsolidert museum med hovudkontor på Vitengarden, Nærbø i Hå kommune, og driv i dag ulike museumsanlegg i alle dei sju stiftarkommunane.

I 2003 blei Jærmuseet eitt av seks regionale vitensenter utpeika av Kunnskapsdepartementet; i dag eitt av tretten. I 2008 blei Jærmuseet, saman med tre andre museum, ein del av Kystverkmusea – etatsmuseet for Kystverket.

Jærmuseet er ein vitskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forsking og formidling.

I 2021 vedtok styret i Jærmuseet ny strategiplan for perioden 2021 - 2025.

Museet sitt overordna mål er å utvikla samfunnsrolla slik at publikum opplever Jærmuseet som relevant, aktuelt og utfordrande, og oppmuntra til vidsyn og tvisyn.

Prioriterte tema for Jærmuseet er:
- Nyare landbrukshistorie, samtidsdokumentasjon av det moderne landbruket, samt landbruksrelatert industri.
- Kystverket sitt virkefelt og moderne havbruk
- Regional industrihistorie
- Sandnes si byhistorie
- Militærhistorie og sivil luftfart, med utgangspunkt i aktivitetar knytt til Sola flyplass
- Tema som har relevans og tilknyting til Arne og Hulda Garborgs liv og virke.



Vitenfabrikken fekk middel av Rogaland fylkeskommune til å gjennomføra seniortreff. Dette var eit særs populært tilbod. Eit av treffa vart lagt til Tungenes fyr.

Foto: Cathrine Trettenes / Jærmuseet



← → Garborgheimen fekk hunkledning som opprinneleg.

Foto: Odd-Geir Rosland / Jærmuseet



I planperioden legg Jærmuseet særleg vekt på desse arbeidsområda:

- Samfunnsrolla og samfunnsoppdraget
- Forsking og kunnskapsutvikling
- Relevant formidling
- Samlingsutvikling og trygg ivaretaking
- Forankring
- Forretning
- Organisasjonsutvikling

Jærmuseet er både museum og vitensenter. I vitensenter-utstillingane våre legg me derfor vekt på å knyta installasjonar og eksperiment til regionen si historie og tema som er aktuelle og relevante for folk i vår region.

## AVDELINGAR OG ANLEGG

Jærmuseet hadde ved utgangen av 2021 drifts-ansvaret for 65 kulturhistoriske bygningar, 50 242 gjenstandar, 355 680 foto og 519,08 hyllemeter privatarkiv. Det er ein tilvekst på 621 gjenstandar, 161 571 foto og 6,23 hyllemeter privatarkiv.

Den store tilveksten av foto gjeld inntak av heile samlinga etter fotografmeister Leiv Våge frå Sandnes. Her vil samlinga reviderast i 2022 og delar av samlinga vil truleg bli avhenda pga. dårleg tilstand. Tilvekst av gjenstandar er knytt til aktiv innsamling av objekt i samband med dokumentasjonsprosjektet om pelsdyrnæringa og Braathens utstillinga.

Stiftinga Jærmuseet eig anlegget Vitengarden med Kvia 4H- og museumsgard og Audamotlandstunet. Her ligg òg nytt administrasjonsbygg og underjordisk magasin. Museet eig i tillegg ei halmluta (lager) på Refsnes.

I tillegg forvaltar museet ei rekke bygningar og anlegg i kommunal eige, og leiger to lagerbygg i privat eige.

Per 31.12.2021 hadde Jærmuseet driftsansvaret for desse museumsanlegga og besøksarenaene:

Kornåkeren på Vistnestunet.

Foto: Unn Iren Skretting Thorsen / Jærmuseet





← Utstillinga Verdas rikaste land opna på Garborgsenteret i januar.

Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet

→ Elevar frå Bryne vgs. deltok i utstillingsarbeidet til Verdas rikaste land.

Foto: Ørjan Z. Johansen / Jærmuseet




- Administrasjonsbygg og underjordisk magasin, Nærbø
- Vitengarden, Nærbø, med museumsgarden Kvia 4H gard og den historiske garden Audamotland.

- Vitenfabrikken, Sandnes, med Krossens havremølle, det historiske tunet Tranegården på Austrått, snikkarverkstaden på Vagle og fleire kvernhus.

- Science Circus, Jærmuseet sitt ambulerande vitensenter som oppsøker skular i heile Rogaland.

Vitengarden, Vitenfabrikken og Science Circus utgjer til saman det regionale vitensenteret for Sørvestlandet (*«Vitensenteret Sør-Vest»*).

- Hå bygdemuseum med gjenstandssamling, Varden Sjøredningsmuseum, gardsanlegget Grødaland, Motlandsmia, tre naust og ei kvern på Nord-Varhaugstranda.

- Gjesdal bygdemuseum med samlingar, Limagarden bygdetun, Gjesdal Ljåfabrikk, eit bakstehus, ei kvern og ei utløe.
- Klepp bygdemuseum med samlingar, eit skulehus og eit folgehus på Haugabakka.

- Randaberg bygdemuseum sine foto- og gjenstandssamlingar og Vistnestunet.

- Tungenes fyr, inkludert Sjøbruksmuseet i Tungevågen.

- Nasjonalt Garborgsenter, samlokalisert med Time bibliotek på Bryne.

- Forfattarheimane til Arne Garborg, Garborgheimen og Knudaheio i Time.

- Flyhistorisk Museum Sola, med foto- og gjenstandssamling, Flyhangaren og 720-brakka og Torpedoverkstedet, i Sømmevågen, Sola.



← På Limagarden vart det sett opp nye informasjonsskilt.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet

→ Artistar til «Torsdag på Tungenes» får ei omvising i fyret.

Foto: Unn Iren Skretting Thorsen / Jærmuseet





Mary´s vev laga ein kopi av åkle vevd av Hulda Gaborg. Det er nå på plass i Knudaheio

Foto: Gunhild Hammeraas / Jærmuseet



• Jærmuseet forvaltar det statlege kulturminne- og friluftsområdet Hanabergsmarka på 670 dekar i Hå. Jærmuseet har elles rapporteringsansvar for Hå gamle prestegard (HGP) til museumsstatistikken. HGP mottar årleg 1 million kroner frå staten gjennom Jærmuseet.

Jærmuseet legg vekt på å ha ei aktiv forvaltning av bygningar og anlegg i alle stiftarkommunane. Me vil styrka den lokale forankringa gjennom aktiv samhandling med vertskommunar, lokalt og regionalt næringsliv, organisasjonar, skular og lokalbefolkninga.

2021 – ennå eit år med covid-19
Så blei også 2021 prega av pandemien. Trass mange smitterestriksjonar også i 2021, hadde me likevel ei meir normal drift enn året før. Ein har unngått permitteringar eller andre innskrenkingar i arbeidsstokken.

Bortsett frå ein kort periode våren 2021, har alle besøksarenaene vore opne, med enkelte avgrensingar på gjestetal.

Med stimuleringsmidlar frå Kulturdepartementet har den økonomiske stoda vore meir føreseieleg, sjølv om me opplever ein betydeleg inntektssvikt når det gjeld arrangementsinntekter og nedgang i besøk samanlikna med eit normalår.

Godt sommarbesøk, med god omsetning i butikk og kafé, har kompensert ein del for dette. Me er godt fornøgde med at samla besøk og eigeninntekter var høgare enn i 2020.

I 2021 hadde Jærmuseet totalt 137 052 gjester, ein fin auke frå 2020. Av dette var nærare 40 000 barn og unge i organiserte opplegg. Samla besøk på vitensenteravdelingane var 97 310.

Museet har tatt nye skritt når det gjeld å utnytta og utvikla digitale verktøy og formidlingsformer. Me har styrka rolla vår som regionalt vitensenter for heile Rogaland gjennom både fysiske besøk og digitale tilbod til alle delar av fylket, og har gjennomført talentsentersamlingar både i Nord- og Sør-Rogaland.

Me har fått gjennomført fleire store vedlikehaldsprosjekt, arbeidd godt med forsking og kunnskapsutvikling og komme i gang med dokumentasjon av pelsdyrnæringa. Dette er ei næring som har vore viktig for regionen vår, og som etter vedtak i Stortinget skal avviklast innan 2025.

«JÆRMUSEET FORMIDLAR KUNNSKAP GJENNOM OPPLEVING, DELTAKING OG UTFORSKING.

FORMIDLINGA I JÆRMUSEET SKAL OPPLEVAST SOM RELEVANT, AKTUELL OG UTFORDRANDE, OG SKAPA ENGASJEMENT, UNDRING OG REFLEKSJON HOS BREIE PUBLIKUMSGRUPPER.»

# HOVUDRESULTAT I 2021

## FORMIDLING

Jærmuseet har 12 museumsanlegg opne for publikum, av desse er Vitenfabrikken, Vitengarden og Garborgsenteret heilårsopne.

Også i 2021 er det publikumsaktiviteten vår som merkar følgjene av pandemien mest. Mange arrangement, aktivitetsdagar og skulebesøk måtte avlysast. Likevel har museet totalt sett levert mange gode opplevingar og varierte tilbod til publikum.

## UTSTILLINGAR

***Verdas rikaste land***, som handlar om barnefattigdom, opna på Garborgsenteret i 2021 og vil stå til og med 2023. Utstillinga er utvikla av Norsk barnemuseet. Ho har blitt oppdatert og tilpassa Garborgsenteret, og blant anna har elevar frå Bryne vgs. medverka i arbeidet med å dokumentera forholda for fattige barn og unge på Jæren. Garborgsenteret har gratis inngang ein laurdag i månaden.

Prosjektet og utstillinga ***«eg e naboen din»*** på Vitenfabrikken hadde som mål å fremja eit varmare og meir inkluderande nabolag.

Vitengarden hadde ei «pop-opp»-utstilling om sukker i haustferien, kombinert med aktivitetar.

***Øglænds juleutstilling***
Før jul i 1954 laga Øglænd ei utstilling med mekaniske nissar som utførte ulike slag arbeid. Heilt fram til 1990-talet var dette ein attraksjon som samla barnefamiliar frå heile regionen. Dei siste åra har utstillinga vore i privat eige, men i fjor fekk Jærmuseet kjøpt utstillinga. Den blei renovert, og i desember 2021 kunne både små og store igjen gle seg over alle nissane og følgja med på aktivitetane deira.

## FORMIDLING TIL BARN OG UNGE

Jærmuseet kjenner eit stort ansvar for formidling til barn og unge. Også under pandemien har me prøvd å prioritera tiltak retta mot desse målgruppene. Talet på barn og unge som har deltatt i organiserte formidlingsopplegg i 2020 og 2021 er likevel sterkt redusert i høve til «normalåret» 2019. Den siste tilgjengelege museumsstatistikken (2020) viser at Jærmuseet stod for 11 % av det samla talet for barn og unge i organisert formidling i Museum-Norge, noko med er godt fornøgde med! I 2021 deltok nærare 40 000 barn og unge i organisert formidling, av desse deltok nær 38 000 i fysiske opplegg, medan om lag 2000 fekk eit digitalt tilbod.

Dei fysiske tilboda omfattar undervising, SFO, sommarskule, ferieklubbar, aktivitetar i haust- og vinterferie, talentsentersamlingar m.m. I alt tilbyr me 255 formidlingsopplegg frå barnehage til universitet.

I tillegg har ein gjennomført særlege helgearrangement som Kodekrafthelg/-dagar, Barnas ingeniørdag og First Lego League.

Til elevar i heile fylket
Som regionalt vitensenter for Rogaland, har Jærmuseet eit ansvar for å nå skular i heile fylket. Jærmuseet sitt omreisande vitensenter, Science Circus, fekk på langt nær gjennomført turné-

Jærmuseet er med på eit samarbeid med eit vitensenter i Liepaja, Latvia, gjennom norske EØS-midlar (Norway Grants). Når pandemien gjorde at me ikkje kunne reise til Latvia, så vart det gjennomført digitale samlingar og lærarkurs.

Foto: Helene Østby Larsen / Jærmuseet



programmet som planlagt. Likevel fekk dei i 2021 besøkt alle dei 24 rogalandskommunane og gav eit tilbod til 7174 skuleelevar og 7966 lærarar. Men både Vitengarden, Vitenfabrikken og Garborgsenteret når elevar frå mange kommunar. Takka vera prosjektmidlar kunne me tilby gratis transport til Vitenfabrikken og Vitengarden for om lag 3360 elevar og over 400 lærarar frå ulike kommunar.

I tillegg arrangerte Jærmuseet i alt 19 lærarkurs.

### Digitale formidlingstilbod

Formidlingstilbodet Kodekraft, som er eit programmeringsopplegg for 10. trinn finansiert av Equinor, har halde fram i 2021. Jærmuseet har elles sendt digitale show og digitale undervisningsopplegg til skulane. Desse tilboda blei godt mottatt i periodar med strenge covid-19 restriksjonar.

Ei hovudsatsing i perioden 2018–23 er *Den teknologiske skulesekken* med *super:bit*, ei nasjonal satsing på koding og programmering i skulen finansiert av UDIR og Kunnskapsdepartementet. Tilbodet skal ut til alle skular i heile landet. Frå hausten 2019 til desember 2021 har alle offentlege skular i Rogaland fått tilbod om dette, 156 skular av 168 har takka ja. 6976 elevar og 606 lærarar har fått eit tilbod på skulen, eller på eit av Jærmuseet sine anlegg. 623 lærarar, fordelt på 11 lærarkurs, har deltatt på kursa til prosjektet.

## TALENTSENTER

I alt 202 elevar frå heile Rogaland har fått plass på talentsenteret dette året. Elevane er fordelt på 5.-7.trinn, 8.-10.trinn og vg1-vg2. Det har blitt gjennomført 21 samlingar over to dagar. Samlingane har vore dels digitale, dels fysiske og gruppene er delt inn etter alder og geografi. To samlingar har vore gjennomført på Haugalandet.

På fleire samlingar har ein samarbeidd med Skolelaboratoriet i realfag ved Universitetet i Stavanger og med Institutt for sikkerheit, kjemi- og bioingeniørfag ved Høgskulen på Vestlandet, avd. Haugesund.

Det er i tillegg halde eit digitalt lærarkurs med 26 deltakarar.






←→ Vitenfabrikken tok med nokre DBS-syklar frå samlinga og var med på opninga av Velodromen i Sola. Direktør John Arne Frafjord i samtale med dåverande kultur- og likestillingsminister Abid Raja.

Foto: Jan-Erik Holmen / Jærmuseet



← Vinnaren av SLAM!, Sara Soma, med diplom handlaga av Maiken Egeland.

Foto: Ørjan Z. Johansen / Jærmuseet

→ Talentsenteret i Jærmuseet var ute på bedriftsbesøk. Her er dei hjå Equinor.

Foto: Marianne Hægstad Risdal / Jærmuseet



## SÆRSKILDE FORMIDLINGSOPPLEGG, SAMARBEID MED UIS:

I samarbeid med UiS gjennomfører Jærmuseet ei årleg «krigsveke» for 60 lærarstudentar ved Samfunnsfag 2. Opplegget, som strekk seg over fem dagar, formidlar lokal militærhistorie, frå første verdskrigen til den kalde krigen.

## ANNA FORMIDLING TIL BARN OG UNGE

- Vitengarden, Vitenfabrikken og Garborgsenteret tilbydde særskilde tema-aktivitetar i vinterferien og haustferien med god oppslutning. I samarbeid med dei respektive kommunane har Jærmuseet også i 2021 hatt ansvaret for ferieklubbar på Grødaland, Limagarden, og Vistnestunet. Dette året fekk også kommunane særskilde midlar frå regjeringa for å organisera sommarskular, eit gratis aktivitetstilbod til elevar i sommarferien. Saman med ulike andre aktørar tok Jærmuseet utfordringa og fekk organisert gode sommarskuletilbod i Hå, Time, Gjesdal og Sandnes.

- Fleire av museet sine avdelingar er arena for ulike arrangement eller konkurransar for ungdom. Fleire av arrangementa har blitt avlyst grunna covid-19. Den årlege fordjupingsmeisterskapen i norsk for vidaregåande, på Garborgsenteret, blei gjennomført digitalt. Matematikk-konkurransen «Kodeknekkeren» for vidaregåande skular blei gjennomført på Vitenfabrikken, det same blei den regionale finalen i First Lego League.

- Ti skular i Rogaland er med i Lektor 2-ordninga, der Jærmuseet har koordinatorrolla.

- Institusjonar for personar med særskilte behov kan kjøpa velferdskort. Dette blir flittig brukt på fleire anlegg. Jærmuseet er òg med på ordninga med følgjeprov for funksjonshemma og kommunale aktivitetskort. Desse gir gratis inngang fleire gonger i løpet av året til barn og unge i familiar med låg inntekt. Hovudmålet med aktivitetskortet er å bidra til inkludering og utjamning av sosial ulikskap.

## DELTAKING EKSTERNE ARRANGEMENT:

Jærmuseet legg vekt på å delta i ulike eksterne arrangement, både i stiftarkommunane våre og andre stader der det er naturleg å bidra. Som i fjor har det vore heller få slike tilskipingar i 2021. Me har likevel deltatt på Ålens dag i Gjesdal og med sykkelutstilling under opninga av Velodromen i Sola, har stått for aktivitetar på Speidarleir på Foreneset i Strand, hatt haustferieaktivitetar i «Gamle slakthuset» i Haugesund og bidratt digital på «Open house», Colorado State University/Little Shops of Phsysics.

Jærmuseet skal styrka forskinga og kunnskapsutviklinga i organisasjonen med vekt på samtid og nær fortid, gjennom prosjekt med internasjonal, nasjonal og regional relevans, og auka den vitskaplege og faglege kompetansen i staben.

# FORSKING OG KUNNSKAPSUTVIKLING

## EIGEN KUNNSKAPSPRODUKSJON

Jærmuseet har dei siste åra arbeidd systematisk med å auka den faglege og vitskaplege kompetansen i organisasjonen, ved at medarbeidarar deltar i dokumentasjons- og forskingsprosjekt, eller i etter- og vidareutdanning.

Jærmuseet har i 2021 hatt to PhD-prosjekt:

- «Kunnskap og praksisar. Ein studie av kjemiske middel i norsk jordbruk på 1900-talet». Prosjektet starta 1. mars 2017 og er knytt til UiA. Disputas skal vera våren 2022

- «For våre kamerater: En studie av den kalde krigen gjennom flygernes narrativ». Prosjektet er knytt til NTNU og strekker seg over perioden 2020-2023.

Ein minnebank er etablert som del av det sistnemnde doktorgradsprosjektet. Minnebanken består av forskingsintervju, notat frå samtalar, biletmateriale og andre private minne og dokument frå flygarane sine eigne samlingar. Kortfatta personomtalar av flygarane blir lagt ut på heimesida til Jærmuseet.

Doktorgradskandidatane har halde fleire føredrag om sine forskingstema, m.a. digital forelesing i regi av AIMA (International Association of Agricultural Museums) og Luftfartskrigsskulen.

## LOSHISTORIE

I samband med 300-årsjubileet for den statlege losordninga i 2020, starta Kystverkmusea i 2019 opp eit forskingsprosjekt om loshistoria. Prosjektet blei fullført i 2021 med utgjeving av artikkelsamlinga Norsk loshistorie 1720-2020, der Eirik Gurandsrud frå Jærmuseet var medredaktør og medforfattar. Boka blei gitt ut i februar 2022, og prosjektet var eit samarbeid med Museum Vest, Museum Stavanger og Høgskulen i Volda.

## HUMLEOPPDRETT

Museet starta i 2019 opp eit dokumentasjonsprosjekt om «Humleoppdrett», der me har intervjua personar som var med å starta opp organisert humleoppdrett i Norge. Første del av prosjektet (perioden 1990 – 2000) blei presentert i artikkelen Commercial bumblebee breeding in Norway, publisert av International Association of Agricultural Museums og i Sjå Jæren 2021/2022. Andre del av prosjektet tar føre seg perioden 2000 – 2021, og vil bli publisert seinare.

## PELSDYRPROSJEKTET

I juni 2019 vedtok Stortinget at innan 1. februar 2025 skulle alle norske pelsdyrfarmar vera nedlagde. Det var då snakk om ei næring med rundt 180 produsentar med tyngdepunkt i Trøndelag og Rogaland. Jærmuseet har som mål å vera det leiande museet innan dokumentasjon av det moderne landbruket og skal løfta fram tema som er aktuelle og relevante for folk i vår region. Dokumentasjon av pelsdyrnæringa er derfor eit prioritert prosjekt. Arbeidet kom godt i gang i 2021. Museet har intervjua og fotografert på 8 ulike pelsdyrfarmar i Rogaland og fått historier frå både reve- og minkoppdrett frå 1930-talet og fram til i dag. Me har elles filma produksjonen av pelsdyrfôr i Sirevåg, og pelsing av mink på Jadar Pelsesentral. Dessverre har ein måtta utsetta filming på aktive farmar grunna covid-19. Arkivverket har løyvd midlar til ordning av pelsdyrarkiv og ei større innsamling av gjenstandar er planlagt i 2022.

## MASTERSTUDENTAR

Ein masterstudent i historie ved UiS har arbeidd med prosjektet Damene hos Øglænd.
To studentar frå UiS har fullført masteroppgåver i matematikkdidaktikk med utgangspunkt i talentsenter i realfag. Problemstillinga i oppgåvene var korleis samlingar med talentsenteret har påverka motivasjon og haldning til matematikkfaget.




←Årboka *Sjå Jæren* hadde fleire interessante artiklar, blant anna om humleopprett.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet



→Eirik Gurandsrud var medredaktør og medforfattar til artikkelsamlinga *Norsk loshistorie 1720-2020.*

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet



Som ein del av PHD-prosjektet «For våre kamerater: En studie av den kalde krigen gjennom flygernes narrativ.» besøkte me Anders Sunde som bur på Bryne. Det var ingen tvil om at me var komne til rett adresse då den pensjonerte flygaren som fløy F-86F Sabre i seks år og F-5 Freedom fighter i 14 år opna døra.

Foto: Sondre B. Hvam / Jærmuseet





I samband med at Stortinget bestemte å leggja ned pelsdyrnæringa i 2025, har Jærmuseet besøkt fleire pelsdyroppdrettarar for å dokumentera næringa. Her på besøk hjå Jan Ove og Inger Lise Horpestad.

Foto: Hannah Hansen Ersland / Jærmuseet



## Jærmuseet skal ha ei berekraftig utvikling av samlingane sine. Samlingane skal vera relevante for forsking og formidling, for forteljingane om Jæren og historiene om Norge.

# FORVALTNING

Jærmuseet forvaltar  eigne samlingar, samlingar på vegne av stiftarkommunane og samlinga til Stiftelsen Flyhistorisk Museum Sola. Samlingane er i all hovudsak knytt til dei prioriterte temaa museet arbeider med, og består av  gjenstandar, arkivmateriale, intervju og anna minnemateriale, bygningar, kulturlandskap, hageanlegg og gamle husdyrrasar.

Ei kjerneoppgåve er å sikra og verna den materielle og immaterielle kulturarven for framtida.

Det har vore eit generasjonsskifte i avdelinga for samling og dokumentasjon. Sjølv om 2021 var enda eit år i pandemiens teikn blei det arbeidd mykje med å dokumentera, formidla og magasinera samlingane til museet. Samlingsutvikling har fått eit større fokus. Fleire samlingar er flytta, registrerte og reviderte. Mykje arbeid er gjort for å ta igjen etterslep, tømme dårlege lagar og flytta samlingar inn i nytt klimanøytralt fellesmagasin. Utstyr, som tilfredsstiller dagens krav om forsvarleg handtering av samlingar, er kjøpt inn og tatt i bruk. Det er registrert 977 og revidert 6635 gjenstandspostar i primus. I tillegg er det lagt ned eit stort arbeid med digital bevaringshandbok og planverk knytt til forvaltning av samlingane. Det er gjennomført aktiv innsamling på to felt: pelsdyrnæringa og Braathens Safe.

Arkiv/bibliotek: Ei stor og omfattande kartlegging av museet sitt privatarkivmaterieale er ferdig. Museet fekk tilslag på søknad til Arkivverket om ekstra midlar til ordning av pelsdyrarkivet. Biblioteksystemet bibliofil er i drift, og store delar av boksamlinga til museet er lagt inn.

Foto/lyd: Registrert 1740 og revidert 2742 foto i primus. Heile lydbandsamlinga til Jærmuseet er pakka ned og sendt til Nasjonalbiblioteket for digitalisering.

Nytt bygningsarkiv er i drift. Ny snikkarverkstad og to registreringsrom er innreia og i bruk.

Bygg: Bygningsvernundersøkinga frå 2019 viser at forvaltninga av JM sine antikvariske bygg er god. Etterslepet i vedlikehaldet av bygga blir stadig mindre.

Sikringsarbeidet held fram. Det er installert vasståkeanlegg på Limagarden, eit tun med sju bygg. Arbeid med sprinklaranlegg på Vistnestunet, eit tun med tre bygg, er sett i gang.




← Fleire i avdelinga for Samling og dokumentasjon tok truckførerkurs, bl.a. Jeanne Dalbu

Foto: Hannah Hansen Ersland / Jærmuseet

→ Gjenstandar fra Øglændmuseet blei henta frå Altona, registrert og magasinert i underjordisk magasin. Jan Erik Holmen fortel om gjenstandane.

Foto: Per Inge Bøe / Jærmuseet





← Vindauga i heimehuset på Kvia 4H-gard vert skifta ut av handverkar Odd-Geir Rosland.

Foto: Jærmuseet

→ Ludå på Refsnes vart mala og fekk nytt tak.

Foto: Odd-Geir Rosland / Jærmuseet



Til desse tiltaka har Kulturrådet og Stiftelsen UNI samla løyvd kr. 1 200 000 (Limagarden) og kr. 960 000 (Vistnestunet).

Museet har søkt om kr. 75 000 i gåveforsterking frå Kulturdepartementet knytt til arbeidet på Limagarden.

Brannsikring og rullering av sikringsplan er gjennomført.

IPM – overvaking og utrydding av skadedyr er på plass.

## ANNA VEDLIKEHALDSARBEID:

• Vitengarden: Heimehuset på Kviagarden har fått utvendig vedlikehald av muren. Delar av kledninga har òg blitt skifta ut. Heile huset er måla med linoleumsmåling. Det er installert tre varmepumper: ei i heimehuset på garden, ei i biogassutstillinga og ei i auditoriet i hovudbygget. I hovudbygget er det bytta ut mange punkterte vindauge.

• Årleg skjøtsel av uteområdet og Hanabergsmarka.

• Vitenfabrikken: Har fått betre fargebelysning av planetariekula og erstatta 100 watts glødelamper med LED pærer i utstillingane i 2.etasje, i samarbeid med Sandnes kommune. Har skifta ut ein del golvbord i Krossens havremølle, fått ny inngangsdør til mølla frå parkeringsplass og fått utarbeid ein Sintef-rapport med tilrådingar for vidare behandling av ytterveggane. Dette arbeidet vil bli utført i 2022. Vanleg årleg vedlikehald på kvernhusa. Dette året i samarbeid med ein dugnadsgjeng på Bersagel.

• Limagarden: I samband med installering av vasståkeanlegg er det elektriske anlegget oppgradert og utvida. Elles er låvebrua reparert.

• Vistnestunet: I samband med det planlagde fleirbruksrommet i den gamle hevdaløa er all innreiing fjerna, rommet er rydda og klargjort for byggestart. I samarbeid med Jæren friluftsråd er det etablert ny tursti til den komande dagsturhytta, som skal ligga i nærleiken av Vistnestunet.

• Garborgheimen si austside blei tilbakeført til historisk korrekt utsjånad. Den liggande kledningen frå 1978 blei erstatta med ståande kledning av hunbord, nett slik Arne Garborgs barndomsheim hadde.

• Lutå på Refsnes: Det gamle eternittaket, som inneheldt asbest, er fjerna og erstatta med nye takplater. Heile bygget er skrapa, flekka og måla med to strøk. Ein del kledning med råteskader er bytta ut.

## MUSEUMSTENSTENE / KONSERVERINGSTEAMET

Jærmuseet er arbeidsgjever for konservatorane, som har verkstad i magasinet til Norsk Oljemuseum i Dusavika. Konservatorane utgjer Museumstenestene i Rogaland, saman med fotoarkivaren på Haugalandmuseet og bygningsantikvaren på Ryfylkemuseet.

Konservatorane har gitt råd i to store prosjekt på Flyhistorisk museum på Sola: DC-6 og Heinkel-prosjekta. Dei har også behandla nærare 70 gjenstandar frå fleire avdelingar i Jærmuseet.

Fotoarkivaren har gitt råd knytt til rutinar for digitalisering av foto og innreiing av arbeidsrom, og behandling av innkommen fotosamling.

Bygningsantikvaren har halde fram arbeidet (som starta hausten 2020) med bygningsarkivet.

Jærmuseet arbeider med å styrka grunnlaget for eigeninntekter, og legg til rette for godt samarbeid med næringslivet.

# ØKONOMI, GÅVER OG SPONSOR-INNTEKTER

## Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

I starten av 2021 måtte me innsjå at pandemien ikkje var heilt over, og nye smittebølger påverka besøkstal og inntening. Per 1. kvartal hadde me berre nådd 60% av budsjettmålet for kommersielle inntekter, noko som fekk konsekvensar for andre postar i budsjettet. Med bakgrunn i det gode resultatet i 2020 hadde styret løyvd midlar til fleire tiltak på bygg og utstilling, samstundes som me fekk fråvika målet om 2-3% driftsmargin. Den dårlege starten på året gjorde at me måtte setta dei fleste av tiltaka på vent for å unngå eit mogleg stort underskot. I løpet av sommaren snudde trenden, og me fekk igjen gode besøkstal. Kafé, butikk og billettsalet tok seg kraftig opp, og per 3.kvartal var driftsinntektene på budsjett. Fleire covid-19 utsette arrangement let seg gjennomføra denne hausten, og me kunne endeleg sjå positive tal på servering grupper og utleige.

Tala er også påverka av at me fekk inntekter frå fleire kommunar i samband med sommarskule for barn og unge. Samstundes løyvde staten ekstra kompensasjonsmidlar for 2.halvår 2021, noko som gjorde at me gjekk inn i hausten med eit solid overskot. Fleire av tiltaka som hadde vore sett på vent, kunne nå settast i gang. Samtidig heldt inntektene seg på eit høgt nivå utover hausten. I overgangen oktober/november blei det også klart at pensjonskostnadane kom til å bli langt lågare enn forventa, noko som ville bidra til eit styrka resultat. I november/desember begynte me å sjå kostnadseffekten av tiltaka som var sett i gang. Ei ny smittebølge i desember gav noko lågare inntektstal for julemånaden. Likevel landa me til slutt eit overskot på 1,2 millionar for 2021, der driftsinntektene totalt sett hamna 8% over budsjettmålet for året.

## Gåver, sponsor og prosjektmidlar

Jærmuseet har hatt eit godt samarbeid med private verksemder i regionen i mange år. Dei siste åra har me hatt færre faste sponsoravtalar som er knytt til drift. Storparten av gåve- og sponsormidlane er knytt til tidsavgrensa prosjekt, eller eingongssummar. Gåve- og sponsorinntektene for 2021 er mest halvert i forhold til førre år, men så var 2020 eit ekstraordinært år der me blant anna fekk eit stort beløp til kjøp av DC-6B flyet. Seks bedrifter har bidrege med prosjekt- eller driftsstøtte på til saman mest 4 millionar kroner.

I tillegg har me motteke vel 17 millionar kroner i prosjektstøtte frå ulike offentlege instansar. I desse ligg blant anna tilskot frå Rogaland Fylkeskommune på 3 173 000 kroner til Konserveringsteamet, 2 000 000 kroner frå Utdanningsdirektoratet til Talentsenter, 2 500 000 kroner frå Hå kommune til nytt administrasjonsbygg på Kvia, 648 985 kroner frå Kunnskapsdepartementet til Den teknologiske skolesekken, samt 833 966 kroner i sikringsmidlar frå Stiftelsen UNI. I tillegg fekk me mest 4 millionar i gåveforsterking frå Kulturdepartementet.

## Kostnadar

Dei totale kostnadane er opp 8 %. Dette skuldast i hovudsak at lønskostnadane aukar med vel 10 %. Noko reduserte lønskostnadar i 2020 hadde m.a. samanheng med at me i fjor såg oss nøydde til å permittera delar av det faste personalet, samt helgevertane. Sidan 2021 heller ikkje har vore eit normalår, fekk me kompensasjonsmiddel frå staten til å halda drifta i gang og halda folk i arbeid. Fleire av driftskostnadane har auka jamt, noko som er ein naturleg følgje av høgare aktivitet i året. Dette gjeld til dømes varekost (+34%), inventar og utstyr (+13%), reiser/kurs (+48%) samt kjøpte tenester (+97%). Nokre postar går også ned, blant anna produksjon utstillingar (-65%). Dette er ein post som ofte varierer mykje frå år til år, der tilskot til enkeltprosjekt kan gi store utslag.

## Finansar og risikovurdering

Kontantstraumen synleggjer betra likviditet for 2021. Dette heng i hovudsak saman med at me for første





← Lærling Henrietter Kverme bestod og fekk fagbrev som anleggsgartnar.

Foto: Helene Østby Larsen / Jærmuseet

→ Butikksjef på Vitengarden, Else Rugaard, var særs nøgd med salet i 2021.

Foto: Helene Østby Larsen / Jærmuseet





← Vidar Skjerhaug og Torje Line på Vitengarden produserer opp kransar som vert selde i kafeen og butikken.

Foto: Helene Østby Larsen / Jærmuseet

→ Jan-Erik Holen, Aina Fiskå og Sigbjørn Stangeland med hjelp av fleire laga utstillinga «Nissefabrikken» med nissane kjent frå Øglænd-utstillingane i Langgata tidlegare.

Foto: Jærmuseet



I 2021 vart det arbeida med nye eksperiment til utandørsutstillinga SNU på Vitengarden, blant anna Vassdansen. Dette er eit av fleire utviklingsprosjekt som går inn i samarbeidet med Equinor Morgendagens helter.

Foto: Helene Østby Larsen / Jærmuseet



←→ Jærmuseet leverte for første gong eit bidrag til pepperkakebyen på Norsk Oljemuseum. Me bygde romskipet til ny astronomiutstilling på Vitenfabrikken, og vann bedriftsprisen! Sjefsarkitektane Aina Fiskaa, Randi Fredsvik og Jørn Havfer mottok prisen.

Foto: Shadé Martins / Norsk Oljemuseum



gong på fleire år ikkje har hatt store utbetalingar knytt til byggeri, då kontorbygget og magasinet begge er ferdigstilte. Me har òg fått inn meir prosjektmiddel enn det som er brukt, i forhold til 2020.

Samstundes er renteinntektene i stor grad uendra, noko som heng saman med eit lågt rentenivå.

Leiinga i Jærmuseet vurderer den finansielle risikoen som svært låg på nåverande tidspunkt. Me har ei god og stabil kontantbehaldning som er plassert i bank med tilhøyrande låg risiko, og ein solid eigenkapital. Jærmuseet har låg gjeldsgrad og overheld dei løpande pliktene. Me ser og at pensjonsnivået har stabilisert seg på eit langt lågare nivå etter overgangen til forsikra tenestepensjon for dei fleste tilsette.

*Styret vil takka alle tilsette i Jærmuseet for godt utført arbeid i 2021!*

Det var ikkje mange større tilstellingar på Vitenfabrikken i 2021. Difor sette me ekstra pris på dei arrangementa me kunne gjennomføra – blant anna eit julebord for ei lokal bedrift.

Foto: Ingunn Aase Hovelsrud / Jærmuseet



### Fordeling av inntekter 2021

Sponsormidlar og prosjektmidlar er kun brukte midlar i 2021. For mottekne midlar i 2021 sjå årsrekneskapen, note 3.




## ORGANISASJON

Pr. 31.12.2021 hadde styret i Jærmuseet desse medlemmene:

| Styret | | Vara: |
|---|---|---|
| Endre Skjørestad, styreleiar | oppnemnd på fritt grunnlag | 1. vara:Torleiv Bilstad |
| Eli Ulveseter | oppnemnd på fritt grunnlag | 2. vara: Anne Brit Ree |
| Reid Ivar Bjorland Dahl | Rogaland fylkeskommune | Svanhild Løge Skålheim |
| Henry Tendenes | Gjesdal kommune | Torbjørn Fjermestad |
| Jonas Skrettingland, nestleiar | Hå kommune | Svein Høyland |
| Kjetil Maudal | Klepp kommune | Else Hauge |
| Øystein Stjern | Randaberg kommune | Ivar Walde |
| Julian F Osorio | Sandnes kommune | Susanna Aske Bredenbekk |
| Anja Berggård Endresen | Sola kommune | Svein Skeie |
| Unni S Fuglestad | Time kommune | Petter L Stabel |
| Sigbjørn Stangeland | tilsett | Stian Ravndal |
| Siv Renate Salte Mjåtveit | tilsett | Ingunn Aase Hovelsrud |

Jærmuseet har teikna forsikring for styreansvar.



← Handboren kunnskap er viktig, og tilsette fekk opplæring i å smi i den restaurerte smia på Audemotland.

Foto: Helene Østby Larsen / Jærmuseet

→ Den restaurerte smia på Audemotland i tåkedis.

Foto: Jærmuseet



## Årsverk

Jærmuseet hadde i 2021 72,2 årsverk inkludert vertar, ekstrahjelp og tre konservatorar som er del av museumstenestene i Rogaland. Dette er ein auke på 5,6 årsverk i høve til 2020. Me er nå nesten tilbake til nivået i 2019, etter ein kraftig nedgang i 2020 på grunn av vesentleg lågare aktivitet. 58,4 av årsverka er faste og mellombels tilsette. 13,8 er vertar og timeløna ekstrahjelp. I tillegg har me kjøpt fri ein pedagog frå Tysvær kommune i 40% stilling hausten 2021, for å bidra med formidling i Nord-Rogaland, for vårt omreisande vitensenter Science Circus. Det er og utført 3,3 årsverk av frivillige på dei ulike musea våre.

I gjennomsnitt fekk 126 personar løn eller honorar frå Jærmuseet kvar månad i 2021, medan det totalt er rapportert inn 211 unike personar til skatteetaten for året. Gjennomsnittsalderen for faste og mellombels tilsette er 47 år, og 23 år for timeløna vertar.

Alle tilsette nyttar eit elektronisk timeregistreringssystem som gir oversyn over kor ein har jobba, og kva oppgåver ein har jobba med.

## Administrative system

Jærmuseet treng å ha effektive administrative prosessar, og nyttar oppdaterte digitale verktøy. Døme på dette er elektronisk arkiv, nyheitsbrev, brukarundersøkingar, inngåande og utgåande faktura, bookingar og anna. Nytt av året er at me har tatt i bruk elektronisk signering av alle tilsettingskontraktar, styremøtereferat og andre avtaledokument.

## Likestilling

Jærmuseet har ei overvekt av kvinnelege tilsette. Av dei 64 faste og mellombels tilsette per 31.12.2021, er 39 kvinner og 25 menn. Tre av kvinnene er mellombels tilsette.

Av dei 64 tilsette er det 14 som jobbar deltid, kor 11 er kvinner og 3 er menn.
Av 58,4 årsverk utført av faste og midlertidige tilsette i 2021 er det 35 årsverk kvinner og 23,4 årsverk menn, kor 2,4 årsverk var midlertidig tilsette og alle var kvinner.

Av 13,8 årsverk utført av vertar og timeløna ekstrahjelp er 8,9 årsverk kvinner og 4,9 årsverk menn. 10,1 av desse årsverka er faste deltidsstillingar som studentar/skuleelevar har i tillegg til studie, kor 6,5 årsverk er kvinner og 3,6 årsverk er menn. 3,7 årsverk er sesongtilsette og ekstrahjelp, kor 2,3 årsverk er kvinner og 1,4 årsverk er menn.

Av 45 fast tilsette vertar per 31.12.2021 er 28 kvinner og 17 menn.

Ein av våre mannlege tilsette har vore i foreldrepermisjon tilsvarande 0,1 årsverk i 2021. Direktør og to avdelingsleiarar er kvinner, tre avdelingsleiarar er menn. Styret består av fire kvinner og åtte menn, inkludert styreleiar. Jærmuseet er opptatt av mangfald og at det ikkje skal vera diskriminering i organisasjonen. Det blei i 2021 vedtatt ein lønspolitikk for Jærmuseet, kor likeløn er definert som eitt av kriteria.

## Arbeidsmiljø og sjukefråvær

Grunna pandemi, smittevernrestriksjonar og utstrekt bruk av heimekontor i løpet av året, har me ikkje hatt nokon personar via NAV på arbeidstrening eller arbeidspraksis i 2021. Sjukefråværet blant faste og mellombels tilsette var i 2021 på 3,5 %. Dette er 0,3 prosentpoeng høgare enn i 2020. 1,2 % er eigenmeldt fråvær, 1,5 % er korttidsfråvær og 0,8 % er langstidsfråvær. Fråværet blant vertar er på 2,3 %, kor 1,4 % er eigenmeldt og 0,9 % er sjukemeldt fråvær. Me kjenner ikkje til at noko av fråværet er arbeidsrelatert.

Verksemda driv systematisk HMS-arbeid med særlege HMS-tema for kvar månad. Arbeids- og miljøutvalet består av fire representantar frå dei tilsette, inkludert hovudverneombod, og fire representantar frå leiinga, inkludert direktør.
Det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet ved Jærmuseet blir vurdert som godt, noko som blir stadfesta i årlege arbeidsmiljøundersøkingar gjennomført i regi av AMU.

## Utførte årsverk fordelt på dei ulike avdelingane og anlegga i 2021




| AVDELINGAR | 2020 | % | 2021 | % |
|---|---|---|---|---|
| Fellestenester (inkl samling)* | 10,6 | 16 % | 13,4 | 19 % |
| Vitengarden | 16,2 | 25 % | 18 | 25 % |
| Vitenfabrikken | 22,6 | 35 % | 24,3 | 34 % |
| Garborgsenteret | 5,6 | 9 % | 5,1 | 7 % |
| Tungenes fyr | 1,6 | 2 % | 1,8 | 1 % |
| Hå bygdemuseum | 0,8 | 1 % | 0,7 | 1 % |
| Gjesdal bygdemuseum | 1,3 | 2 % | 1,6 | 2 % |
| Klepp bygdemuseum | 0,1 | 0 % | 0,2 | 0 % |
| Randaberg bygdemuseum | 1,5 | 2 % | 1,1 | 2 % |
| Flyhistorisk museum | 2,6 | 4 % | 2,7 | 4 % |
| Science Circus | 2,6 | 4 % | 2,9 | 4 % |
| (med fråværstimar) | 65,3 | 100 % | 71,8 | 100 % |

* Konserveringsteamet/museumstenestene sine arbeida timar for andre museum er tekne ut frå denne oppstillinga

## Fordeling av årsverk på arbeidsområde




| Arbeidsoppgåver innan | 2020 | % | 2021 | % |
|---|---|---|---|---|
| ADMINISTRASJON OG DAGLEG DRIFT* | 12,0 | 18,9 % | 12,8 | 18,8 % |
| DRIFT AV BYGG OG KAFE | 17,4 | 27,7 % | 18,9 | 27,8 % |
| FORMIDLING | 19,4 | 37,9% | 24,9 | 36,6% |
| NYE UTSTILLINGAR | 1,8 | 6,3 % | 2,9 | 4,3 % |
| SAMLINGAR OG ANTIKVARISKE HUS | 7,0 | 9,2 % | 8,4 | 12,4 % |
| | **57,6** | **100 %** | **67,8** | **100 %** |
| Fråvær | 3,8 | | 4 | |
| Permittering | 4,0 | | 0 | |
| **TOTALE ÅRSVERK** | **65,3** | | **71,8** | |

*Posten administrasjon inneheld i tillegg til fullt integrerte støttefunksjonar som IT, økonomi og personadministrasjon, også dagleg leiing

Museet har skriftlege retningsliner for konflikthandtering og varsling av kritikkverdige forhold. På grunn av pandemien har me berre fått til nokre få personalsamlingar i løpet av året, ikkje månadleg slik me normalt har.

## Ytre miljø

Drifta av Jærmuseet ureinar ikkje det ytre miljøet. Det blei i 2021 starta ein prosess for at museet skal bli sertifisert som Miljøfyrtårn.

## Skadar og ulukker

Det er ikkje rapportert om vesentlege skadar eller ulukker i 2021. Me har heller ikkje hatt tjuveri eller tilløp til brann i løpet av året.

## Planar vedtatt av styret

I løpet av 2021 har styret vedtatt ny strategiplan, revidert Plan for forsking og kunnskapsutvikling, vedtatt ny digital bevaringshandbok, og justering av sikringsplanen.

## Lov om diskriminering og tilgjenge

Alle nye tiltak og planar blir vurderte ut frå prinsippet om universell utforming. Men mange av dei antikvariske bygga og eldre publikumsbygg krev betydelege investeringsmidlar dersom desse skal fylla krava om universell utforming.

Museet sine heimesider følgjer Difi sine retningsliner for universell utforming.

Følgjekort blir akseptert på alle avdelingane.

## Framleis drift

Årsrekneskapen for 2021 er sett opp under føresetnad om framleis drift. Solid økonomi og sunn drift gjer at me framleis har eit godt handlingsrom. Museet vil likevel førebu og tilpassa organisasjonen til endra rammevilkår. Det blir med dette stadfesta at institusjonen har føresetnader for å driva vidare.

## Utgreiing om årsrekneskapen og resultatdisponering

Styret meiner at framlagd rekneskap og balanse med notar viser verksemda sitt resultat for 2021 og økonomisk stilling ved årsskiftet.

Det har ikkje oppstått forhold etter rekneskapsårets slutt som har innverknad på vurderinga av rekneskapen.

Rekneskapen viser eit årsresultat på kr 1 194 117.

Nærbø, 24. februar 2022

| | | | |
|---|---|---|---|
| Endre Skjørestad | Reid Ivar Bjorland Dahl | Julian F Osorio | Kjetil Maudal |
| Jonas Skrettingland | Siv Renate Salte Mjåtveit | Unni S Fuglestad | Sigbjørn Stangeland |
| Øystein Stjern | Anja Berggård Endresen | Henry Tendenes | Eli Ulveseter |

Målfrid Snørteland
direktør



## BESØKSUTVIKLING 2007–2021




## SKULE- OG BARNEHAGEBESØK PER KOMMUNE 2021




## FORDELING BESØKSTYPE 2021



## OPNE PUBLIKUMSARRANGEMENT 2021

**- i regi av Jærmuseet**

### Vitenfabrikken

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1.–7.03 | Vinterferie med energi og leire i fokus | 24.10 | Aktivitetsdag: Mølledag |
| 14.03 | Matematisk familiedag | 30.10 | Barnas ingeniørdag |
| 27.03–5.04 | Påske med eggande aktivitetar | 31.10 | Vi feirer Halloween! |
| Juli | Sommarprogram | 3.11 | Foredrag: Hey teacher! Leave them kids alone! |
| 7.08 | Byvandring: Jonas Øglænd lokalt og nasjonalt | 13.11 | Regional finale, First Lego League |
| 2.10 | Forskningsdagene: Museumslørdag | 24.11 | Utstillingsopning: Nissefabrikken |
| 9.–17.10 | Haustferie: Hjernen i fokus | | |

I tillegg:
UngdomsMakerspace og Eksperimentkveld for ungdom kvar onsdag kveld utanom feriar og når det var «koronastengt». Seniortreff kvar onsdag frå september til desember.

### Vitengarden

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1.–07.03 | Vinterferieprogram | 9.–17.10 | Haustferie, tema søtt |
| Juli | Sommarferieprogram med ulike aktivitetar | 5.12 | Ope studiemagasin |
| 25.09 | Kodedag med gratis inngang | | |

### Tungenes fyr

| | | | |
|---|---|---|---|
| 15.04 | Torsdag på Tungenes: Ida Jenshus | 23.09 | Torsdag på Tungenes: Kveldsbad med Frode Grytten |
| 20.05 | Torsdag på Tungenes: Misty Coast | 21.10 | Torsdag på Tungenes: Signe Marie Rustad |
| 28.05 | Konsert: Frøkedal og familien | 28.10 | Hjemsøkt litteratur- og fortellerfestival |
| 5.08 | Sommarkonsert | 25.11 | Torsdag på Tungenes: Hilde Tuv |
| 15.09 | Duokonsert: Tor Kjetil Espedal og Kristin Minde | | |



← Potetopptak er eit populært tilbod for skuleklassar på Vistnestunet.

Foto: Unn Iren Skretting Thorsen / Jærmuseet

→ Historieformidlar Jan Erik Holmen haldt fleire by-vandringar i Sandnes med Øglænd som tema.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet





← Søtt var tema i haustferien på Vitengarden.

Foto: Marianne Hægstad Risdal / Jærmuseet

→ Stian Ravndal og Ørjan Z. Johansen ved Garborgsenteret snakka om fotball-litteratur i samband med Fotball-EM.

Foto: Jærmuseet



### Garborgsenteret

| | | | |
|---|---|---|---|
| 31.01 | Trette menn-marsjen | 22.09 | Helga Flatland: Et liv forbi |
| 27.03 | Påskeeggjakt | 22.09 | Vigdis Hjorth: Hva er å komme hjem |
| 20.05 | Litterær lunsj: Soveråd ved Ørjan Johansen | 25.09 | Karoline Brændjord: Jeg vil våkne til verden |
| 2.06 | SLAM! | 26.09 | Den burtkomne faderen |
| 9.06 | Fotballitteratur på Mellombels | 2.10 | Forskningsdagane: Det store teaterslaget i Kristiania |
| 11.06 | SNAKK! Om fotball-EM med Nils Henrik Smith | 9.–17.10 | Haustferieaktivitetar |
| JULI | Sommarskule | 18.11 | Litterær lunsj: Kva las hovudpersonane i «Fred»? |
| 5.09 | Jorddøgn – lansering av Den bortkomne faderen | 24.11 | Foredrag: Filosofen Arne Garborg |
| 11.09 | Hilde Selvikvåg med strykekvartett | 5.12 | Julekonsert i Bryne kyrkje |

### Flyhistorisk Museum Sola

| | |
|---|---|
| 2.10 | Forskingsdagane: Ope Torpedoverksted |

### Vistnestunet

| | | | |
|---|---|---|---|
| 6.06 | Forsinka sesongopning | 26.09 | Aktivitetsdag: Traktor- og korndag |
| 16.08 | Planleggingsdag – ope | 20.–21.11 | Aktivitetsdag: Jul på Vistnestunet |

### Limagarden

| | |
|---|---|
| 25.09 | Aktivitetsdag med Firkløveren 4H |

### Knudaheio

| | | | |
|---|---|---|---|
| 24.04 | Turorientering i Knudaheio | 16.–20.06 | Sommarkveldar i Knudaheio |



← I overkant av 50 barn var med på Grødaland sin ferieklubb, der måling var ein av mange aktivitetar.

Foto: Hans-Arvid Grødaland / Jærmuseet

→Ferieklubben på Limagarden besøkte Vitengarden, der dei fekk ta på seg biedrakter og bli med ut til bikubene.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet





← Ålgård Orienteringsklubb, her representert ved Harry og Johanna Breiland, lagar løypene til turorientering i Knudaheio.

Foto: Inger Undheim / Jærmuseet

→Konsertserien Sommarkveldar i Knudaheio var i 2021 ei blaut oppleving men publikum stilte likevel opp.

Foto: Inger Undheim / Jærmuseet



## FORDELING PÅ KLASSESTEG OG ANLEGG I 2021 OG 2020:

medrekna Hå gamle prestegard

| | Vitengarden | | Vitenfabrikken | | Science Circus | | Garborgsenteret** | | Tungenes fyr | | Grødaland/Varden | | Limagarden | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **2021** | **2020** | **2021** | **2020** | **2021** | **2020** | **2021** | **2020** | **2021** | **2020** | **2021** | **2020** | **2021** | **2020** |
| **Barnehagar** | 3453 | 1 730 | 963 | 720 | 0 | 0 | 187 | 254 | 0 | 0 | 324 | 85 | 187 | 0 |
| **Barnetrinnet** | 6547 | 5 402 | 7574 | 5 408 | 4562 | 4 267 | 680 | 237 | 321 | 199 | 0 | 0 | 696 | 491 |
| **Ungdomstrinn** | 3842 | 1 649 | 2468 | 4 473 | 3094 | 2 152 | 808 | 849 | 224 | 49 | 0 | 0 | 205 | 263 |
| **Vgs. skular** | 642 | 463 | 1080 | 1 092 | 0 | 72 | 1010 | 546 | 0 | 7 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **SFO, fritidsgr.** | 1242 | 433 | 655 | 799 | 0 | 58 | 87 | 106 | 0 | 0 | 372 | 290 | 434 | 250 |
| **Studentar** | 240 | 199 | 542 | 419 | 0 | 0 | 49 | 14 | 0 | 0 | 13 | 0 | 19 | 49 |
| **Sum** | 15966 | 9 876 | 13282 | 12 911 | 7656 | 6 549 | 2821 | 2 006 | 545 | 255 | 709 | 375 | 1541 | 1 053 |
| **Ferie/fritid** | 20269 | 18 701 | 31146 | 26 624 | 0 | 452 | 4819 | 4 250 | 13137 | 11 759 | 191 | 153 | 400 | 156 |
| **Bedrift/utleige** | 4241 | 3 768 | 4440 | 3 864 | 310 | 316 | 898 | 933 | 0 | 30 | 119 | 0 | 83 | 83 |
| **Sum i alt *** | 40476 | 32 345 | 48868 | 43 399 | 7966 | 7 317 | 8538 | 7 189 | 13682 | 12 044 | 1019 | 528 | 2024 | 1 292 |

| | Haugabakka | | Vistnestunet | | FMS | | SUM Jærmuseet | | HGP | | SUM inkl. HGP | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **2021** | **2020** | **2021** | **2020** | **2021** | **2020** | **2021** | **2020** | **2021** | **2020** | **2021** | **2020** |
| **Barnehagar** | 36 | 60 | 0 | 12 | 0 | 0 | 5150 | 2 861 | 0 | | 5150 | 2 861 |
| **Barnetrinnet** | 292 | 235 | 330 | 725 | 481 | 0 | 21483 | 16 964 | 0 | | 21483 | 16 964 |
| **Ungdomstrinn** | 0 | 0 | 111 | 0 | 112 | 370 | 10864 | 9 805 | 0 | | 10864 | 9 805 |
| **Vgs. skular** | 0 | 0 | 30 | 7 | 155 | 102 | 2917 | 2 289 | 0 | | 2917 | 2 289 |
| **SFO, fritidsgr.** | 0 | 0 | 354 | 190 | 0 | 0 | 3411 | 2 126 | 0 | | 3144 | 2 126 |
| **Studentar** | 0 | 0 | 0 | 0 | 307 | 282 | 1170 | 963 | 0 | | 1170 | 963 |
| **Sum** | 328 | 295 | 825 | 934 | 1055 | 754 | 44728 | 35 008 | 157 | 377 | 44885 | 35 385 |
| **Ferie/fritid** | 210 | 0 | 2842 | 2 664 | 8593 | 10 164 | 81607 | 74 923 | 30000 | 20 000 | 111607 | 94 923 |
| **Bedrift/utleige** | 0 | 0 | 120 | 38 | 506 | 286 | 10717 | 9 318 | 907 | 370 | 11624 | 9 688 |
| **Sum i alt *** | 538 | 295 | 3787 | 3 636 | 10154 | 11 204 | 137052 | 119 249 | 3106 | 20 747 | 168116 | 139 996 |

*Inkl. Tranegården galleri
**Inkl. tal frå Garborgheimen og Knudaheio
***I tillegg besøker årleg rundt 20 000 Hå gamle prestegard som turområde, og 30 000 nyttar Hanabergsmarka kulturminne- og friluftsområde.

FMS= Flyhistorisk Museum Sola, Torpedoverkstedet
HGP= Hå gamle prestegard



← Garborgsenteret hadde ferietilbod i samarbeid med Time kommune. Mange nøgde barn!

Foto: Jærmuseet



I samband med Halloween arrangerer Randaberg bibliotek litteraturfestivalen Hjemsøkt på Tungenes fyr.

Foto: Eirik Gurandsrud / Jærmuseet



← Sauene på Vistnestunet liker å få kos!

Foto: Unn Iren Skretting Thorsen / Jærmuseet

→ Science Circus produserte eit arkadespel med koding, som blir nytta i undervisning og på aktivitetsdagar.

Foto: Jærmuseet









↑ Fotograf Ingeborg Skrudland hadde fotokurs for ferieklubb-deltakarane. Her er dei på jakt etter gode motiv.

Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet

← Varaordførar i Sandnes, Pål Morten Borgli, stod for den offisielle opninga av Nissefabrikken på Vitenfabrikken.

Foto: Hans-Arvid Grødaland / Jærmuseet



←→ På ferieklubben til Limagarden lærte handverkar Håvard Obrestad Wøien ungane trearbeid som resulterte i fleire flotte smykker.

Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet



# REKNESKAP

## Resultatrekneskap

| | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Salsinntekter | | 4 469 042 | 3 278 927 |
| Billett/arrangementsinntekter | | 4 529 942 | 4 100 273 |
| Faste offentlege tilskot | 2 | 55 714 052 | 52 036 785 |
| Tilskot prosjekt | 3 | 23 853 118 | 24 246 635 |
| Avsetningsplikt ubrukte prosjekttilskot | 3 | -11 555 297 | -9 103 139 |
| Medlemskap/annonsar | | 59 563 | 70 722 |
| Andre inntekter | 4 | 436 988 | 796 817 |
| **Sum driftsinntekter** | | **77 507 408** | **75 427 020** |
| | | | |
| Varekostnader | | 2 163 476 | 1 615 065 |
| Personalkostnader | 5 | 48 496 362 | 41 124 354 |
| Inventar og utstyr | | 3 172 263 | 2 799 011 |
| Driftskostnader bygg/anlegg | | 8 324 167 | 7 708 349 |
| Vedlikehald utstyr/samlingar | | 1 439 708 | 1 491 617 |
| Produksjon utstillingar | | 2 404 213 | 6 886 247 |
| Kontor og administrasjonskostnader | | 2 133 287 | 2 007 646 |
| Reiser/kurs/transport | | 1 391 203 | 942 506 |
| Marknadsføring/publikumskostnader | | 2 933 815 | 2 663 091 |
| Avskrivingar | 6 | 2 533 016 | 2 299 690 |
| Kjøpte tenester | 7 | 1 154 592 | 585 336 |
| Andre driftskostnader | 8 | 852 580 | 1 148 283 |
| **Sum driftskostnader** | | **76 998 682** | **71 271 195** |
| | | | |
| **Driftsresultat** | | **508 726** | **4 155 825** |
| | | | |
| Renteinntekter | | 766 303 | 703 319 |
| Renter byggetrinn II VF | | -13 847 | -15 224 |
| Renter investering GS | | -67 065 | -71 646 |
| ÅRSRESULTAT | | 1 194 117 | 4 772 224 |
| | | | |
| Overført prosjekt | | 300 000 | 4 000 000 |
| Overført annan egenkapital | | 894 117 | 772 224 |

## Balanse

| | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| ANLEGGSMIDLAR | | | |
| Byggetrinn 1&2 | 1,6 | 18 793 143 | 19 482 976 |
| Anlegg | 6 | 21 766 837 | 32 355 035 |
| Kontorinventar/utstyr | 6 | 3 659 470 | 3 982 975 |
| EDB-utstyr/kassasystem | 6 | 1 082 633 | 892 220 |
| Bilar/transportmidlar | 6 | 953 019 | 998 992 |
| Samlingar | | 200 000 | 200 000 |
| **Sum varige driftsmidlar** | | **46 455 102** | **57 912 198** |
| | | | |
| Innskot COOP | | 6 821 | 6 405 |
| Eigenkapitaltilskot KLP | | 808 084 | 808 084 |
| KulturIT AS | 11 | 200 000 | 200 000 |
| Andre aksjer/andelar | 11 | 32 000 | 32 000 |
| **Sum finansielle anleggsmidlar** | | **1 046 905** | **1 046 489** |
| | | | |
| **Sum anleggsmidlar** | | **47 502 007** | **58 958 687** |
| | | | |
| OMLØPSMIDLAR | | | |
| Varelager | 9 | 988 734 | 1 009 478 |
| FORDRINGAR | | | |
| Kundefordringar | | 329 949 | 1 422 908 |
| Meirverdiavgift | | 973 937 | 1 401 969 |
| Andre kortsiktige fordringar | | 1 562 913 | 1 221 802 |
| **Sum fordringar** | | **2 866 799** | **4 046 679** |
| | | | |
| Bankinnskot og kontantar | 10 | 66 198 005 | 50 466 606 |
| | | | |
| **Sum omløpsmidlar** | | **70 053 538** | **55 522 763** |
| | | | |
| **Sum eigedelar** | | **117 555 545** | **114 481 450** |



## Balanse

| | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| EIGENKAPITAL | | | |
| Grunnkapital | | 200 000 | 200 000 |
| Fond vedlikehald | 12 | 4 946 572 | 4 946 572 |
| Fond prosjektavsetning | 12 | 18 800 000 | 18 500 000 |
| Annan eigenkapital | 12 | 10 475 851 | 9 581 734 |
| **Sum eigenkapital** | | **34 422 423** | **33 228 306** |
| | | | |
| GJELD | | | |
| *Ubrukte øyremerka midlar* | | | |
| Ubrukte midlar, byggetrinn 1 og 2 | 1,3 | 19 048 331 | 19 738 164 |
| Ubrukte midlar, magasin og kontorbygg | 3 | | 7 337 967 |
| Andre øyremerka tilskot | 3 | 40 957 557 | 31 812 099 |
| **Sum ubrukte øyremerka midlar** | | **60 005 557** | **58 888 230** |
| | | | |
| Pensjonsforpliktelser | 5 | 8 459 323 | 8 720 544 |
| Langsiktig gjeld Hå komm. | | 288 000 | 288 000 |
| | | | |
| KORTSIKTIG GJELD | | | |
| Vennelaget | | 13 613 | 8 263 |
| Leverandørgjeld | | 5 728 836 | 5 823 605 |
| Skuldig skattetrekk | | 1 518 051 | 1 373 494 |
| Skuldig arbeidsgjevaravgift | | 1 555 723 | 1 287 827 |
| Skuldige feriepengar | | 4 084 937 | 3 611 920 |
| Påløpt løn | | 1 306 867 | 1 123 761 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 172 217 | 127 500 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **14 380 244** | **13 356 370** |
| **Sum gjeld** | | **83 133 124** | **81 253 144** |
| **Sum gjeld og eigenkapital** | | **117 555 545** | **114 481 450** |

Nærbø, 24. februar 2022

Endre Skjørestad    Reid Ivar Bjorland Dahl    Julian F Osorio    Kjetil Maudal

Jonas Skrettingland    Siv Renate Salte Mjåtveit    Unni S Fuglestad    Sigbjørn Stangeland

Øystein Stjern    Anja Berggård Endresen    Henry Tendenes    Eli Ulveseter

Målfrid Snørteland
direktør

## Notar

NOTE 1 – REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskap 2021 er sett opp i samsvar med rekneskapslova, god rekneskapsskikk og forskrifter om rekneskapsføring.
Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld er postar som forfell innan eit år etter innkjøpstidspunktet , og postar som knyter seg til varekrinsløpet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.
Omløpsmidlar er vurdert til det lågaste av anskaffingskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført i balansen med nominelt beløp på tidspunktet for opptak.
Anleggsmidlar er vurdert til anskaffingskostnad. Ved varig verdifall vil anleggsmidlar bli nedskrivne til verkeleg verdi. Langsiktig gjeld er ført i balansen med nominelt beløp på etableringstidspunktet.

**Vedlikehald**
Kostnader til vedlikehald blir ført fortløpande. Oppgradering skal vurderast som investering og aktiverast.

| NOTE 2 – TILSKOT TIL DRIFTA | 2021 | 2020 |
|---|---|---|
| Kulturdepartementet KUD, eks. HGP | 20 005 000 | 19 535 000 |
| Stimuleringsmidlar KUD | 2 395 000 | |
| Kystverket SD | 1 369 477 | 1 336 075 |
| Rogaland fylkeskommune | 10 249 000 | 9 976 000 |
| Kontingent frå stiftarkommunar | 3 190 716 | 3 114 540 |
| Vertskommunetilskot frå kommunar | 9 804 859 | 9 675 170 |
| Forskingsrådet, vitensenterdrift KD | 8 700 000 | 8 400 000 |
| **Sum tilskot** | **55 714 052** | **52 036 785** |

| NOTE 3 – ØYREMERKA TILSKOT PROSJEKT | 2021 |
|---|---|
| Næringslivet/bedrifter* | 3 927 500 |
| Kulturdepartementet (KUD) | 6 896 851 |
| Forskingsrådet (KD, Offentleg PhD) | 596 733 |
| Utdanningsdirektoratet (Talentsenter) | 2 000 000 |
| Kunnskapsdepartementet (Super:bit) | 648 985 |
| Vitensenterforeninga/Nat.fag.senteret | 286 106 |
| Rogaland fylkeskommune (Konserveringsteam Rog.) | 3 323 000 |
| Kommunar/anna offentleg | 4 787 776 |
| Private gåver/inntekt | 1 304 690 |
| Renteinntekter m.m | 81 477 |
| **Totalt** | **23 853 118** |

**Dette inkluderer følgjande bidragsytare: Equinor, Forus Næringspark, Vår Energi, Total E&P, Lyse, Sparebankstiftelsen SR-Bank.*

| **Overførte prosjektmiddel** | |
|---|---|
| Tilskot 2021 | 23 853 118 |
| Brukt 2021 | 12 297 822 |
| **Ubrukte tilskot** | **11 555 296** |

| **IB 2021:** | |
|---|---|
| Bygg Vitengarden 01.01.21 | 19 738 164 |
| Øyremerka tilskot 01.01.21 | 39 150 066 |
| **Sum IB 01.01.21** | **58 888 230** |
| Nettoført midlar mot magasinbygg | -10 437 968 |
| Brukte tilskot 2021 | 11 555 296 |
| **Overført til 2022** | **60 005 558** |
| Bygg Vitengarden 31.12.21 | 19 048 331 |
| Øyremerka tilskot 31.12.21 | 40 957 227 |



## Notar

| NOTE 4 – ANDRE INNTEKTER | 2021 |
|---|---|
| Refusjon diverse utlegg | 197 998 |
| Kundeutbytte | 47 065 |
| Jordbruksinntekt | 41 532 |
| Oppdrag/Kurs/Bilete | 22 900 |
| Diverse | 35 93 |
| Sysselsettingsmidler | 96 606 |
| **Totalt** | |

| NOTE 5 – TILSETTE OG GODTGJERSLER | 2021 |
|---|---|
| **Spesifikasjon personalkostnader** | |
| Lønskostnader | 38 187 551 |
| Honorar | 109 160 |
| Arbeidsgjevaravgift | 5 412 979 |
| Pensjonskostnader | 4 135 831 |
| Personalforsikring | 110 838 |
| Andre personalkostnader | 540 003 |
| **Totalt** | **48 496 362** |

Løn til dagleg leiar utgjorde kr 996 982
Honorar til styreleiar kr 50 000

Det er ikkje gitt lån eller stilt sikkerheit for lån til direktør, styremedlemmar eller tilsette i stiftinga.

Jærmuseet har hatt 72,2 årsverk i 2021.

**Spesifikasjon av pensjon**
Stiftinga Jærmuseet sitt pensjonsansvar er regulert i tariffavtalen, «Landsoverenskomst for museer og andre kulturinstitusjoner» og var fram til 31.12.2019 dekka med tenestepensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse, KLP.
Frå 01.01.2020 vart alle 100% arbeidsføre tilsette, under 52 år, overført til ny pensjonsordning levert av Storebrand. Ny ordning er såkalla hybridpensjon med avkastningsgaranti. Denne ordninga gir livsvarig utbetaling av pensjon og omfattar òg uførepensjon. Ektefellepensjon og barnepensjon er ikkje omfatta av ordninga, men er erstatta av utvida gruppelivsforsikring på 10G. I tillegg er det etablert privat AFP-ordning for dei som har pensjonsordning via Storebrand.
Tilsette som ikkje er overført til ny pensjonsordning fortset oppteninga i KLP, inkludert offentleg AFP-ordning. Alle nye tilsette vert meldt inn i ny ordning.

**Tal for pensjonskostnad og pensjonsskyldnader iflg. NRS-berekning 2020 KLP**

| **Medlemsstatus:** | 2021 | 2020 |
|---|---|---|
| Tal aktive | 20 | 22 |
| Tal oppsette | 277 | 278 |
| Tal pensjonar | 32 | 29 |
| Gjennomsnitts pensjonsgrunnlag | 425 399 | 427 676 |
| Gjennomsnitts alder | 59,94 | 59,75 |
| Gjennomsnitts tenestetid | 17,61 | 15,28 |

## Notar

| Netto pensjonskostnader | 2021 | 2020 |
|---|---|---|
| Opptening | 1 881 965 | 2 168 718 |
| Rentekostnad | 1 016 185 | 1 247 776 |
| Brt. pensjonskostnad | 2 898 150 | 3 416 494 |
| Forventa avkastning | -1 635 863 | -1 873 855 |
| Adm.kostn/rentegaranti | 105 398 | 165 749 |
| Nto. Pensjonskostnad | 1 367 685 | 1 708 388 |
| Arb.gj.avg. nto. pensj.kostnad inkl adm.kost | 192 844 | 231 863 |
| **Netto pensjonskostnader** | **1 560 529** | **1 940 251** |

| Pensjonsskyldnader | 2021 | 2020 |
|---|---|---|
| Påløpne pensjonsskyldnader | 62 052 543 | 58 864 305 |
| Pensjonsmidlar | 57 616 288 | 52 994 872 |
| Nto. skyldnad før arbeidsgiveravgift | 4 436 255 | 5 869 433 |
| Arb.gjevaravgift | 625 512 | 827 590 |
| Nto. skyldnad inkl arbeidsgiveravgift | 5 061 767 | 6 697 023 |
| Estimatavvik | 2 977 699 | 1 773 461 |
| Estimatavvik arbeidsgiveravgift | 419 858 | 250 060 |
| **Netto pensjonsmidlar/ -skyldnad inkl. arb.g.avgift** | **8 459 324** | **8 720 544** |

| Grunnlag for utrekningar | 2021 | 2020 |
|---|---|---|
| Diskonteringsrente | 1,9 % | 1,70 % |
| Forventa lønsvekst | 2,75 % | 2,25 % |
| Vekst grunnbeløp folketrygd | 2,50 % | 2,00 % |
| Forventa pensjonsregulering | 1,73 % | 1,24 % |
| Forventa avkastning fondsmidlar | 3,70 % | 3,10 % |

NOTE 6 – VARIGE DRIFTSMIDDEL

Jærmuseet har næringslivsforsikring med dekning for skade på publikum, eigedelar og driftstap. Våre bygg er fullverdiforsikra. Premiegrunnlag for hovudbygget på Nærbø er kr. 11.415.000. For våre andre eigedommar var premiegrunnlaget i 2021 totalt kr.96.528.000, der det underjordiske magasinet utgjer 28.333.000 og administrasjonsbygget 38.415.000 av dette talet.

| | | BYGNINGAR | |
|---|---|---|---|
| | Trinn 1 | Trinn 2 | Sum |
| Bokført 01.01.21 | 9 255 954 | 10 277 022 | 19 482 976 |
| Avskriving 2021 | 370 239 | 319 594 | 689 833 |
| **Kostpris 31.12.21** | **18 511 918** | **15 979 718** | **34 491 636** |
| Tot.nedskr. pr. 31.12.21 | 8 885 715 | 9 907 428 | 18 793 143 |

Varige driftsmidlar i tabellen over er hovudsakleg finansierte med offentlege tilskot.



## Notar

Eigedom som er finansiert med offentlege midlar kan ikkje danna grunnlag for pant til lån utan samtykke frå kulturdepartementet. Den kan heller ikkje omsetjast i den vanlege eigedomsmarknaden.

| | Inventar/ utstyr | EDB-utstyr/ system | Transport- midlar | Bygg og anlegg | Tomter | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Bokført 01.01.21 | 3 982 965 | 892 239 | 998 996 | 32 231 963 | 123 080 | **38 229 243** |
| Tilgang 2021 | 578 489 | 427 870 | 397 444 | 110 084 | | **1 513 887** |
| Nettoføring 2021 | | | | 10 437 967 | | **10 437 967** |
| Ord. avskriving | 901 992 | 237 457 | 443 419 | 260 314 | | **1 843 182** |
| **Bokført 31.12.21** | **3 659 462** | **1 082 652** | **953 021** | **21 643 766** | **123 080** | **27 461 981** |

Jærmuseet nyttar kr 50 000 som nedre beløpsgrense ved vurdering av balanseføring kontra resultatføring av varige driftsmiddel. Det vert nytta lineær avskriving.

| NOTE 7 – KJØPTE TENESTER | 2021 |
|---|---|
| Konsulenthjelp/kostn byggesaker | 213 656 |
| Innleigde konsulenttenestar utstilling/formidling | 401 523 |
| Revisjonstenester | 102 769 |
| Tenester ifbm Phd NTNU | 231 795 |
| Posttenester | 66 492 |
| Diverse tenester | 26 114 |
| Konsulenthjelp datasystem | 85 877 |
| Innleigd hjelp gardsdrift | 26 366 |
| **Total** | |

Revisjonshonorar utgjer i 2021 kr 102 769.

| NOTE 8 – ANDRE DRIFTSKOSTNADER | 2021 |
|---|---|
| Utlegg med refusjon | 249 489 |
| Kontingentar | 306 350 |
| Møteutgifter/representasjon/gåver | 86 779 |
| Kostnader gardsdrift | 137 793 |
| Renter, gebyr og valuta | 72 369 |
| **Total** | **852 580** |

## Notar

NOTE 9 VARELAGER
Varelageret som består av ferdigvarer, er opptelt pr. 31.12.2021 og verdien er vurdert til inntakskost.

NOTE 10 BUNDNE MIDDEL
Av totale bankinnskot på kr. 66.198.005 utgjer kr. 1.518.051 bundne skattetrekksmidlar. Totale bundne midlar knytt til øyremerka prosjekt utgjer kr. 40.957.227.

NOTE 11 AKSJER
Jærmuseet eig 200 aksjer pålydande kr. 1000,- per aksje i KulturIT AS, samt andelar i Nores SA til ein verdi av kr. 20.000 og Nortura SA til ein verdi av kr. 12.000.

NOTE 12 EIGENKAPITAL
Av årets resultat set me av kr. 300.000 til Maritimt vitensenter/Tungenes fyr og kr 894.117 til fri eigenkapital. Kr. 4.946.572 av eigenkapitalen er sett av på eigen konto og merka framtidig vedlikehald. Kr. 18.800.000 er sett av til prosjekt og kr. 10.475.851 til fri eigenkapital.

[1] [2]
[3] [4]

**BILETTEKST – FRAMSIDE**
[1] Vitengarden nytta den sjeldne moglegheita til å ta ein skitur på Orrestranda. Foto: Helene Østby Larsen / Jærmuseet
[2] Mange hugsar juleutstillingane som Øglænd laga til i Langgata kvar jul. Desse nissane flytta inn på Vitenfabrikken, i utstillinga Nissefabrikken. Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet
[3] Nybygget på Nærbø med kontor, snikkerverkstad og møterom. Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet
[4] Det er alltid gildt å koma tett på dyr. Det fekk deltakarane på ferieklubben til Grødaland.
Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet

[1] [2]
[3 ]

**BILETTEKST – BAKSIDE**
[1] Den gamle Møllebilen vart sett i stand og EU-godkjent. Øivind Lura, som var son til møllemesteren og Magne Gjesdal, køyrte møllebilen tilbake i møllegarasjen. Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet
[2] Årets aprilsnarr var at Påskeøya gjorde krav på Garborg-hovudet. Jeanne Dalbu gjekk naturleg inn i rolla som kulturattacheen ved den chilenske ambassaden i Oslo, Lha Dreyeh. Foto: Ørjan Johansen / Jærmuseet
[3] Fyr og flammer høyrer med når Talentsenteret i Jærmuseet har samlingar. Foto: Marianne Hægstad Risdal / Jærmuseet

Stiftinga Jærmuseet er regionalt vitensenter for Sørvestlandet og regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå.

June Line design & produksjon

## – møtestad mellom natur, kultur & teknologi

www.jaermuseet.no








1. VITENFABRIKKEN
2. VITENGARDEN
3. GARBORGSENTERET
4. GARBORGHEIMEN
5. KNUDAHEIO
6. TUNGENES FYR
7. FLYHISTORISK MUSEUM SOLA
8. TORPEDOVERKSTEDET
9. GRØDALAND
10. LIMAGARDEN
11. VISTNESTUNET
12. HAUGABAKKA
13. VARDEN SJØREDNINGSMUSEUM
14. HÅ GAMLE PRESTEGARD




JÆRMUSEET sitt hovudkontor ligg på Vitengarden, Nærbø
Besøksadresse hovudkontor: Kviavegen 99, Nærbø
Postadresse: Postboks 250, 4367 Nærbø
Sentralbord: 477 76 020
Epost: post@jaermuseet.no

youtube.com/jaermuseet

#jærmuseet

facebook.com/jaermuseet

www.jaermuseet.no